

Til kommunestyret 26.11.20

Innspel til budsjett 2021 og
økonomiplan 2021-2024

Opne høyringar i utvala
Andre

Påmeldte til open høyring i Utval for oppvekst og kultur
10. november 2020 – frist for påmelding måndag 09. november.

Nr.	Lag/organisasjon	Namn på representant
1.	HTV Fagforeininger	Monica B. Fosse
2.	Ungdomsrådet	Karl Joakim Tislavoll Lekven
3.	Sunnhordland Museum	Linda Øen
4.	Utdanningsforbundet skule	Jonatan Gniste
5.	Utdanningsforbundet barnehage	Ragnhild Omvik Bratseth
6.	Stord Idrettsråd	Leif Ottar Heimro

Budsjettinnlegg høyringar.

Fagforbundet v/ HTV Monica Brekke Fosse

Leiar, komité takk for at me får kome med vårt innlegg, me setter stor pris på det, viktig å få fram korleis ståa er ute i kommunen, og kva som kjem av kommentarar til oss. Fagforbundet ynskjer i dag å leggje fram same innlegg som kjem i alle komitear, ikkje alltid det omhandlar det dere arbeidar med men dere vil møte utfordringane i kommunestyret.

Fagforbundet er ikkje berre bekymra, men sterkt uroa for situasjonen ein har i RHO einingane, og spesielt i Heimebasertetenester. Når Rådmannen foreslår i sitt budsjettforslag å utsetja oppstarting av 5 nye sjukeheimplassar til 1.mai 2021, så ser Fagforbundet på dette tiltaket som det aller mest kritiske i budsjettforslaget. Konsekvensane vil verta store, arbeidspresset på dei tilsette i HBT er no så stort at det er kritisk, ein ser tilsette sluttar og søker seg til andre arbeidsplassar, det viser seg i stor mangel både på sjukepleiarar og fagarbeidarar. Dette går på bekostning av arbeidsmiljøet, sjukefråværet aukar som gjer at ein må leige inn ein stor mengde vikarar. Bruken av vikarbyrå må ein ta inn som igjen gjer at det vert mange ukjente tilsette.

Opning av dei 5 sjukeheimplassane må skje så tidleg som mogeleg, og helst i går. Dette er som sagt viktig for dei tilsette i HBT, men ikkje minst viktig for dei sårbare eldre som me har ute i heimane, og som absolutt skulle vore på ein institusjon. Pårørande må ta ekstra ansvar som gjer at dei vert slitne.

HBT reduserte med 4 årsverk i 2020, drifta vert i vidareført på 2020 nivået i forslaget. Her meiner Fagforbundet at ein heller treng å auke årsverk, auka grunnbemanninga slik at det vert ein betre arbeidskvardag for tilsette, betre arbeidsmiljø, og lågare sjukefråvær. Fagforbundet er overtydd om at ein får gode resultat ved å gjere dette. Ein kan kanskje bruke litt av vikarbudsjettet for å få til dette. Me har tru på det.

Fagforbundet meina heilt klart at helsesektoren i SK ikkje tåler fleire kutt, eller innsparingar. Som Fagforbundet nemnte i budsjettkonferansen så ventar ein eit stort rekrutteringsbehov i sektoren ifølge KS sine prognosar. Då hjelper det ikkje at det vert skjert ned til beinet ved å kutte årsverk. Her treng me å auke årsverk.

Me må gjere oss attraktive, me må våge å gå nye vegar, me må auke grunnbemanning, me må betale for den kompetansen me treng – tilsette treng ei løn å leve av, me må opna sjukeheimplassane så fort som råd.

Vidare i Rådmannen sitt forslag kring Sæbø Gard der ein foreslår å utsetja den planlagde oppbemanninga vil gje store konsekvensar for brukarar som står i kø for å få plass. Me veit i dag det er 4 brukarar med store hjelpebehov som ein vil måtte finna anna plass til om ein ikkje gjennomfører oppbemanninga. Sæbø Gard har ingen mogelegheit til ta desse brukarane inn slik bemanninga er i dag.

Det er sentralt sett ned ei arbeidsgruppe med ulike instansar av representantar som skal sjå på dette med merkostnader for kommunane under Covid 19 pandemien. Ein ser betydelege ekstraavgifter innan fleire einigar og regjeringa er klar i sin tale på at dei ekstra midlane som vert lagt i bordet skal vises heilt ut i kommunane, ut i avdelingane og ut i klasserom. Jmf pressekonferanse torsdag 28 oktober. Det er viktig at det vert sett inn gode vikarar der det trengst, og bruker pengar der det er nødvendig for at arbeidsplassane skal gå rundt på ein god og kvalitetsmessig god måte. Eg håpar at dåke kan sjå på dette, og setje i verk tiltak som de tilsette merkar igjen av.

I budsjettet 2020 vart det nedskjert 50% i idrett og friluftliv, i vedtaket står det at ein skal her rapportera til SKE Eigedom, den 50 % som vart nedskjert inneheld mange oppgåver som Stord Kommune ville kunne hente inn inntekter frå, korleis tenkjer dere politikere om dette? Resterande 50 % er lagt til kultur som da skal rapportera til kultur og ikkje gjennom føra oppgåvene som vil gje SK inntekter.

SFO – dette er eit svært dyrt tiltak, mange småbarnsfamiliar som ikkje har råd til å ta i bruk dette, mange barn som absolutt burde hatt dette tiltaket men pga pris søker de ikkje plass. Ber om at ein ser på dette og gjer endringar slik at prisen vert slik at folk har mogelegheit til å bruke tilbodet.

Tusen takk for oppmerksomheta og vil med dette ynskje dåke lykke til med budsjett arbeidet som ligg føre.

Takk for meg:-)

Monica Brekke Fosse

HTV Fagforbundet

Uttale frå Stord ungdomsråd i budsjett høyring i Utval for oppvekst og kultur 10.11.2020

v/ leiar Karl Joakim Tislavoll Lekven

Stord ungdomsråd meiner at ungdomsskulane i Stord kommune bør bruka MOT-programmet i undervisninga fordi MOT kan gjera ein viktig forskjell i ungdom sine kvardagsliv og korleis dei oppfører seg mot andre.

Ein av grunnane til at ungdomsrådet meiner dette er at ein gjennom MOT kan læra om korleis andre har det. Folk har opplevingar i sin «usynlege ryggsekk» som me ikkje veit om. Folk er forskjellige og det kan vera ulike ting som ligg bak det dei seier og gjer. Ungdom kan læra å ha respekt for andre og om ein finn ut noko om den andre sin «usynlege sekk» kan ein la vera å ta det opp med andre dersom dei ikkje vil ha fokus på det. Me er meir enn det som viser på utsida. MOT kan læra oss å forstå korleis me skal vera mot kvarandre, og ein kan læra nye ting om seg sjølv og om korleis oppførselen virkar på andre.

Når man er i overgangen frå barneskulen til ungdomsskulen, så er man ofte usikker på seg sjølv og korleis ein skal oppføra seg i nye sosiale settingar saman med andre. MOT viser ulike vegar for å forstå korleis ein bør oppføra seg overfor kvarandre i samfunnet.

Lærarane må få tid til å planlegga MOT-timane slik at gjennomføringa av timane går bra. MOT er avhengig av flinke lærarar som brukar dei teoretiske ideane i MOT på ein god praktisk måte i klasserommet.

For at MOT skal kunna gjera dette på best mogleg måte, så må skulane få tid til å ta det skikkeleg i bruk før det vert snakk om å kutta det igjen.

Dette er våre sterkaste grunnar for at MOT skal fortsetta å vera ein ting i Stord kommune og ikkje bli kutta ut.



minne gir mening

Sunnhordland museum
Postboks 51
5419 Stord

10.november 2020

Stord kommune
Postboks 304
5402 Stord

Budsjett høyring utval oppvekst og kultur 10.11.2020

Sunnhordland museum takkar for moglegheita til å delta på open høyring i høve Stord kommune sitt budsjett for 2021.

I samband med rådmannen sitt budsjett for 2021 er det to ting eg vil peika på. Det eine er driftsstønad til Sunnhordland museum og det andre er Budsjettinnspel frå museet der vi oppmodar om tilskot til nybygg.

1. Driftsstønad til Sunnhordland museum

Rådmannen sitt framlegg til budsjett legg opp til ei driftsstøtte til Sunnhordland museum på kr 100 000,-, av dette er 90 000,- øyremerka stilling som museumsrådgjevar.

Ser ein bort frå det øyremerka tilskotet på 90 000,- har tilskotet frå Stord kommune gått frå 610 000 i 2017 til 10 000 i 2020.

Før budsjettprosessen i 2018 vart det sendt eit budsjettinnspel frå Sunnhordland museum til alle kommunane i regionen der ein oppmoda om å auka dei kommunale tilskota til regionsmuseet. På bakgrunn av dette vart det sett i gang eit arbeid der føremålet var eit felles løft for i kommunane i Sunnhordland inn mot museet. Sunnhordland museum har venta på resultat av dette arbeidet i nærare 3 år og Hordaland fylkeskommune, som var inne med midlar til prosessen, har etterlyst resultat både ovanfor museet og ved 2 høve brev direkte til kommunane. Då eg denne hausten etterlyste resultat av arbeidet fekk eg melding om at saka var lukka og at museet skulle gå i forhandlingar med kvar og ein kommune – ein gjekk altså vekk frå at kommunane skulle verta einige om tilskot.

Sunnhordland museum har ein viktig funksjon som både kulturinstitusjon og kulturarbeidsplass i regionsenteret. Vi er eit av dei minste musea som får tilskot over statsbudsjettet og for at museet skal vera i stand til å levera på dei kvalitetskrava som vert stilte er vi avhengige av at kommunane som nyt godt av museet sine tenester også stiller opp og bidreg til finansieringa. Museet fekk i 2019

3,2 millionar frå staten, 3 150 frå fylkeskommunen og 347 000 frå kommunane i regionen. Både stat og fylkeskommune har forventningar om at kommunane bidreg sterkare i spleiselaget.

Dei siste åra har vore prega av ein svært usikker situasjon for Sunnhordland museum med tanke på kommunal stønad, særleg frå Stord kommune. Vi vil derfor oppmoda til at politikarane ser på stønadsnivået til Sunnhordland museum og at ein prioriterer å auka det generelle driftstilskotet.

2. Budsjettinnspel rehabilitering av Sunnhordlandstunet

Museet har også levert budsjettinnspel til Stord kommune og dei andre kommunane i Sunnhordland i samband med rehabilitering av administrasjons og publikumsbygget her på Stord. Både med tanke på sikring av gjenstandar, universell utforming, publikumsmottak og arbeidsmiljø for dei tilsette er det heilt naudsynt at vi kjem i gang med rehabilitering av bygget. Slik situasjonen er no er det eit tidsspørsmål kor lenge vi kan halda fram i dei lokalitetane vi har i dag. Planane har vore arbeid med sidan 2011 og har vore presentert både i samarbeidsrådet og formannskapet her på Stord. I rådmannen sitt framlegg til budsjett går det fram at det ikkje vert avsett midlar til dette prosjektet i 2020.

Museet har forståing for at ein ber om mykje midlar over eit pressa kommunebudsjett. Likevel er vi bekymra for at ei slik haldning frå vertskapskommunen vil bidra til at prosjektet må skrinleggast. For å komma i mål med prosjektet er vi heilt avhengig at også kommunane støttar opp om prosjektet, og for å få det til er vi heilt avhengige av at Stord som vertskapskommune set seg i førarsetet.

Når staten no har løyvd 15,2 millionar, fylket har løyvd 5,8 millionar og skal handsama resterande i budsjettprosessen, ligg det i desse løyvingane ein føresetnad om at bygget vert fullfinansiert. Budsjettprosessar i fylke og kommunar denne hausten er derfor ein milepåle for prosjektet, og det er svært viktig at vi no får nokre signal frå kommunane. Vi håpar derfor at Stord som vertskapskommune ikkje bare avskriv innspelet med at ein ikkje finn rom for dette i budsjettet. Skal dette tolkast dit hen at Stord kommune ikkje vil bidra i prosjektet eller ynskjer Stord kommune å finna løysingar saman med Sunnhordland museum slik at vi kan realisera eit moderne regionsmuseum i hjarta av regionsenteret? Vi oppmodar politikarane i Stord kommune om å bruka budsjettet og prosessen vidare til å gje nokre tydelege signal på korleis kommunen vil forhalda seg til rehabiliteringsprosjektet framover.

Med ynskje om god budsjettprosess!

For Sunnhordland museum

Linda Øen

Direktør

Innspel til open høyring –utval for oppvekst og kultur, budsjett 2021.

Utdanningsforbundet vil takka for at me får koma her å legga fram våre innspel i høve budsjettet for 2021. Dette gjer at både administrasjon og politikarar vert kjend med kva som er viktig for oss, noko me vonar me ser att når de skal gjera dykkar prioriteringar.

Koronapandemien har gjort til at dette har vore eit utruleg spesielt år. Lærarar over heile landet måtte på få dagar snu seg rundt og laga gode heimeskuleopplegg. Det var imponerende. Samstundes såg me konsekvensane av som skjer i eit samfunn der barn og unge ikkje fekk møtast på skulen, og kva viktigheten av god undervisning og kva relasjonen mellom barn og vaksne betyr. Me er framleis i ei krevjande tid og lærarar i skule og barnehage strekker seg svært langt for å få dette til å gå. Med dei stramme rammene me har å driva etter i offentleg sektor er dette heilt i grenseland for kva ein kan klare i lengda.

Me forventar at de gjer dykkar beste for å gje tilsette i barnhagar og skular akseptable rammer å driva for i vår kommune, til det beste for barn og elevar.

Dette er god samfunnsøkonomi både på kort og lang sikt. Det å hindra fråfall frå skule og arbeidsliv er ei viktig oppgåve. Dette arbeidet startar i barnehagen.

Kunnskapsminister Guri Melby er tydleg: «Skule og barnehage må prioriterast lokalt når me bevilgar pengar nasjonalt!»

Rådmannen/formannskapet sitt budsjettframlegg for 2021 er presentert. I innstillinga er det mellom anna foreslått å avvikla vikarpoolen, og kutta driftsbudsjettet i skulen med 700.000 kroner.

Utdanningsforbundet Stord stiller seg undrande til at det no vert innstilt på å avvikla vikarpoolordninga. Ordninga har vore ein stor suksess, og set Stord på kartet som ein seriøs arbeidsgjevar. Det er svært viktig at elevar i skulane på Stord får kvalifiserte vikarar. Ungane våre fortener den beste skulen me kan gje dei.

Då Vikarpoolen vart oppretta i 2017, konkluderte rådmannen:

«Rådmannen meiner ein vikarpool for barnehage og skule kan verta eit godt rekrutteringsverktøy for kommunen. Ein har vikarar med godkjent

utdanning som vil bli godt kjent med einingane, og erfaringane frå vikarpoolen til RHO tilseier at det vert mindre belastning på dei tilsette når ein har ei meir føreseieleg vikarløysing. Ved å starta opp i eit forsiktig omfang vil ein gjera seg erfaringar som kan gjera det lettare å utvida talet på tilsette med tida.»

Seinast i 2019 vart vikarpoolen vurdert som ein så stor suksess, at ein samrøystes komité for oppvekst og utdanning vedtok å utvida med to ekstra lærarar. Vikarpoolen er i bruk heile tida, og me vil oppmoda både administrasjon og politikarar til å heller utvida vikarpoolordninga.

I budsjettet i fjor, vart elevressursen kutta med over 2 millionar kroner. Tidlegare år har det og vore kutta, og Utdanningsforbundet Stord meiner me no nærmar oss eit nivå der det knapt er mogleg å redusera budsjettet til skulane meir. Vårt syn er at kuttet i skulane sitt driftsbudsjett på 700.000 ikkje kan gjennomførast og at elevressursen må skjermast.

Elevressursen inneheld det meste me driv med i skule, som til dømes vikarar, spesialundervisning, delingstimar, materiell og utstyr, turar og anna. Elevressursen er ikkje noko som kjem på toppen. Det er dette som er skulane sitt budsjett. Lærarar ynskjer å gje barna best mogleg skulegang. Skal ein få det til, må ein få realistiske budsjett å driva etter.

Når regjeringa no i tillegg kjem med betydeleg beløp i tilleggsøyvingar til kommunane på bakgrunn av koronasituasjonen vil det og gjera stort utslag for skulebudsjettet på Stord. Kunnskapsminister, Guri Melby er krystallklar «Lærarar og elever må merke det, desse pengane skal nå heile vegen fram til klasserommet.»

Lukke til med budsjettarbeidet!

I 2006 blei ansvaret for barnehagane flytta frå Barne- og familiedepartementet til Kunnskapsdepartementet. Barnehagen blei frå då av ein del av utdanningsløpet. Det betyr at frå den dagen eit lite barn starta i barnehagen, byrja det på utdanning si.

Når du skal bygga eit hus, må du begynna med å laga grunnmuren. Det er viktig at denne grunnmuren blir sterk og stødig, at du bruka nok og rette ressursar i arbeidet, slik at huset du skal bygga oppå vil stå stødig i mange mange år.

Slik kan du og sjå på eit menneske si vekst og utvikling. I løpet av dei 5 første leveåra blir grunnmuren til eit menneske bygd.

I forbindelse med lanseringa av Stortingsmelding 6, 2017; «tidlig innsats og inkluderande fellesskap i barnehage og skule», sa Erna Solberg: « Viss Norge skal være et like godt land å bo i i fremtiden må dagens barn og unge lære det de treng for å skape den fremtiden.»

Tidlig innsats betyr at innsatsen må starta når barna er små, allerede i barnehagen. Det betyr mellom anna at tiltak må settas inn raskt når eit problem oppstår, slik at me unngår at problema veks seg store.

Men like viktig er å jobbe førebyggjande, slik at ein kan unngå at ein del av problema dukka opp, og at ein får hjelpa barn som streva, tidligast mogleg.

Forsking viser at det er samfunnsøkonomisk lønsamt å investera i dugleiksstimulerande tiltak før skulestart. For kvar krone samfunnet bruka på slike tiltak, får samfunnet mellom 1,4 og 4,5 kroner tilbake, noko som gir ei avkastning på mellom 40 og 350 prosent.

Utdanningsforbundet minner deg som politikar om, at dersom du meiner at tidlig innsats er viktig, må du vise med konkrete tiltak, at du vil satsa på dei minste i samfunnet. Dykk alle må vise i dei prioriteringene de gjer, at de er villige på å bruka dei ressursene som trengs for å gi alle barn som veks opp i kommunen vår gode oppvekstvilkår. Vise at dykk satsa på barnehage og starten på utdanningsløpet.

Me veit at kompeanse hjå dei tilsette er viktig for å gi barn eit godt leike- og læringsmiljø i barnehagen. Men noko som er like viktig, er at det er nok personale til å ivareta eit godt pedagogisk tilbod. Det hjelper ikkje å ha god kompetanse blant tilsette, dersom dei ikkje får tid til å utføre den kompetansen dei har tileigna seg.

Utdanningsforbundet legg merke til at det for budsjett 2021 heller ikkje er lagt inn midlar til vikar i dei kommunale barnehagane. Dette ser me på som svært uheldig.

Tida me nå er inne i, med Korona-pandemien, er ei ekstra tøff og krevjande tid for dei tilsette i barnehagen. Personalet i barnehagane skal gi eit godt pedagogisk tilbod til alle barn. Samstundes skal dei ivareta smittevern og ekstra hygienen tiltak. Det er og ekstra mykje sjukefråvær blant tilsette, og til tider vanskar med å få inn vikar. Det fører til at det vert ekstrabelastning på dei tilsette som er igjen på jobb.

Å bruka ressursar på dei minste i samfunnet, er den beste investeringa dykk kan gjere for framtida.

Ragnhild Omvik Bratseth

Hovudtillitsvalgt for barnehage, Utdanningsforbundet

Innspill budsjetthøring 10.11.2020 «Utval oppvekst og kultur»

Stord idrettsråd 10.11.20

1. Skryt:

Idrettsrådet er veldig positive til igangsetting på Nysæter Ungdomsskole, med flerbrukshall, basishall, 25m basseng, buldrehall, styrketreningsrom, og idrettsplass utendørs. Idrettsrådet presiserer at prosjektet ikke må reduseres i innhold.

Idrettsrådet er også positive til at det i 2021 budsjettet er foreslått rehabilitering av svømmehallen på kulturhuset, inkl. ny vannsklie.

Idrettsrådet applaudere også investeringene som er gjort i Prestegardskogen Idrettspark.

2. Stillinga til Rådgjevar idrett- og friluftsliv:

Stillinga rådgjevar idrett og friluftsliv er redusert med 50%.

Idrettsrådet er sterkt uroa over då ein mistar eit viktig kontaktpunkt inn mot kommunen. Samt at idrettsrådet ser ikkje, eller er informert om, kven som skal ivareta mange av dei viktige oppgåver ikring anlegg, nærmiljøanlegg, prioriteringar, ulikt planarbeid og mange andre ulike oppgåver. Stord idrettsråd oppmoar til at stillinga vert tilbakeført til 100% i 2021 og framover.

3. Rådmannen sitt budsjettforslag:

Idrettsrådet har de siste årene revitalisert oss, og opplever at samarbeidet mellom idrettslagene er godt. Vi skal i gang med en offensiv mot flere lag og organisasjoner, for å nå de som ikke er like synlig i dag.

Vi er ikkje kjent med at nokon av idrettslagene er teke med på råd i budsjettforslaget som ligg føre for 2021. Avtalen er at kommunen skal ha samrådsmøte med idrettsrådet 2 gongar pr år.

Idretten har ei prioriteringsliste, men ser at Stord kommune har si eiga. Se punkt 4.

4. Stord IL sine prioriteringer som Stord Idrettsråd stiller seg bak:

Stord IL ønsker følgende prioritering for sitt nærrområde:

1: Ishallen på Vikahaugane, her må det inn kommunal løyving i 2021 og 2022, for ikkje og mista ekstra satsingsmidlar frå dept. på ca 25-26 mill.

2: Sanering av Rackethallen. Her ønsker en å se nybygging i sammenheng med Stord IL sin arealplan for Vikahaugane. Stord IL ønsker å realisere dobbel flerbrukshall, istedenfor en enkel hall.

3: Rehabilitering av gressbanen på Vikahaugane.

5. Fritidskortet:

Idrettsrådet ønsker at «Fritidskortet» vurderes i et samarbeid med Fitjar og Bømlo. Vi innehar ikke all info, og har ikke hatt fått styrebehandlet saken enda.

Påmeldte til open høyring i Utval for rehabilitering, helse og omsorg

11. november 2020

Nr.	Lag/organisasjon	Namn på representant
1.	Eldrerådet	Tove Dypå Lunde
2.	Foreldreinitiativ for bygging av boliger	Tor Espen Kristensen
3.	Fagforbundet	Monica Brekke Fosse
4.	Ergoterapiforbundet	Anna Elisabeth Lundal
5.	Rådet for funksjonshemma	Tore R. Blokhus
6.	NFU Stord / Fitjar	Evy Skogedal og Sølvi Nygård
7.	Fysioterapeutane i Stord kommune	Bård Inge Bø

Saksprotokoll i Eldrerådet - 09.11.2020

Eldrerådet sin uttale til rådmannen sitt framlegg til RHO-budsjettet for 2021 og til økonomiplan 2021-24.

Eldrerådet meiner tekstdelen til RHO-budsjettet er oversiktleg og gir god informasjon om intensjonar og status for Stord kommune på dette budsjettområdet.

Eldrerådet er nøgd med at rådmannen uttrykkjer at kommunen vil satsa på område som velferdsteknologi, frivilligsentralen og dag- og heimerehabilitering, men eldrerådet vil peika på følgjande:

1. Den kommunale satsinga viser seg ikkje i **budsjettala** for heimebaserte tenester, rehabiliteringstenester og frisklivscentralen når ein samanliknar med budsjettet for 2020. Midlar til aktivisering av eldre er også redusert. Alle former for habilitering og rehabilitering er til gode både for den einskilde og samfunnet og må difor styrkast i budsjettet. Eldrerådet kan ikkje godta at bemanninga på dagrehabiliteringa på rehabiliteringssenteret vert nedsett.
2. Eldrerådet kan ikkje godta at ein utset å ta i bruk 5 nye plassar på sjukeheimen til 1. mai 2021.
3. Økonomiplanen 2021-24 har heller ikkje lagt inn nye investeringar i institusjons-/omsorgsplassar for eldre og andre etter 2021. Dette er ikkje tilfredsstillande då prognosane viser sterk vekst i talet på eldre dei komande åra, samstundes som kommunen alt no har ei tydeleg underdekning på slike plassar.
4. Eldrerådet støttar dei mange gode tiltaka som gjer at eldre kan bu trygt heime lenger, og vil tilrå at aldersgruppa som får tilbod om førebyggjande heimebesøk, vert endra frå 78 til seinast 75 år.
5. Stord kommune er med i det nasjonale nettverket Aldersvenlege lokalsamfunn. Eit aspekt ved dette arbeidet er tiltak mot einsemd, eit samfunnsproblem som særleg råkar eldre. No i koronatider er dette eit særleg påtrengande problem. Ei kommunal arbeidsgruppe arbeider med konkrete prosjekt der det å utvikla sosiale møteplasser er eit hovudmål. Arbeidsgruppa skaffar betydelege eksterne midlar, men treng midlar som kan skytast inn som kommunal eigendel for å søkja om meir eksterne tilskot. Eldrerådet foreslår at det vert sett av 100.000,- til dette føremålet i 2021.

Handsaming

Samrøystes godkjend.

Innspill fra foreldreinitiativ

I Rådmannens sitt framlegg til budsjett for 2021 er det satt av 40,5 millioner kroner til Nytt bufellesskap for funksjonshemma (Leirvik-Heiane-Langeland området) i perioden 2021-2024.

Vi mener dette er et veldig klokt forslag. Både at det foreslås å sette av disse midlene og at det er i det nevnte området.

Jeg vil i dette innlegget kort orientere om situasjonen til våre ungdommer/unge voksne. Jeg representerer et foreldreinitiativ. Vi jobber for å få oppstart på bygging av boliger eller leiligheter for våre ungdommer, som nå begynner å bli voksne. Alle ungdommene er i 20 årene. I gruppen er det 5 ungdommer. Vi ser for oss at vi i tillegg kan være 1 til 2 personer til i et slikt bufellesskap.

Vi har allerede hatt et par samarbeidsmøter med kommunen og opplever at vi har en god dialog.

Et slikt samarbeid er til fordel for alle og vil gi en vinn-vinn-situasjon for alle parter.

Som dere ser, så er det flere som nå nærmer seg trettiårsalderen. I tillegg er det mange ungdommer som i årene framover vil ha behov for å komme ut i Bolig. Et slikt prosjekt vil ta en del år å realisere. Det er derfor veldig viktig at vi kommer i gang nå med dette arbeidet. I 2024 vil ungdommane være mellom 24 og 29 år.

Me meiner derfor at det er et fornuftig forslag å sette av de nevnte midler til dette prosjektet. Det er bra å ha et samarbeid om dette. Det vil kommunen spare på i lengden.

På vegne av foreldreguppen

Tor Espen Kristensen

Budsjettinnlegg høyringar.

Fagforbundet v/ HTV Monica Brekke Fosse

Leiar, komité takk for at me får kome med vårt innlegg, me setter stor pris på det, viktig å få fram korleis staa er ute i kommunen, og kva som kjem av kommentarar til oss. Fagforbundet ynskjer i dag å leggje fram same innlegg som kjem i alle komitear, ikkje alltid det omhandlar det dere arbeidar med men dere vil møte utfordringane i kommunestyret.

Fagforbundet er ikkje berre bekymra, men sterkt uroa for situasjonen ein har i RHO einingane, og spesielt i Heimebasertetenester. Når Rådmannen foreslår i sitt budsjettforslag å utsetja oppstarting av 5 nye sjukeheimsplassar til 1.mai 2021, så ser Fagforbundet på dette tiltaket som det aller mest kritiske i budsjettforslaget. Konsekvensane vil verta store, arbeidspresset på dei tilsette i HBT er no så stort at det er kritisk, ein ser tilsette sluttar og søker seg til andre arbeidsplassar, det viser seg i stor mangel både på sjukepleiarar og fagarbeidarar. Dette går på bekostning av arbeidsmiljøet, sjukefråværet aukar som gjer at ein må leige inn ein stor mengde vikarar. Bruken av vikarbyrå må ein ta inn som igjen gjer at det vert mange ukjente tilsette.

Opning av dei 5 sjukeheimsplassane må skje så tidleg som mogeleg, og helst i går. Dette er som sagt viktig for dei tilsette i HBT, men ikkje minst viktig for dei sårbare eldre som me har ute i heimane, og som absolutt skulle vore på ein institusjon. Pårørande må ta ekstra ansvar som gjer at dei vert slitne.

HBT reduserte med 4 årsverk i 2020, drifta vert i vidareført på 2020 nivået i forslaget. Her meiner Fagforbundet at ein heller treng å auke årsverk, auka grunnbemanninga slik at det vert ein betre arbeidskvardag for tilsette, betre arbeidsmiljø, og lågare sjukefråvær. Fagforbundet er overtydd om at ein får gode resultat ved å gjere dette. Ein kan kanskje bruke litt av vikarbudsjettet for å få til dette. Me har tru på det.

Fagforbundet meina heilt klart at helsesektoren i SK ikkje tåler fleire kutt, eller innsparingar. Som Fagforbundet nemnte i budsjettkonferansen så ventar ein eit stort rekrutteringsbehov i sektoren ifølge KS sine prognosar. Då hjelper det ikkje at det vert skjert ned til beinet ved å kutte årsverk. Her treng me å auke årsverk.

Me må gjere oss attraktive, me må våge å gå nye vegar, me må auke grunnbemanning, me må betale for den kompetansen me treng – tilsette treng ei løn å leve av, me må opna sjukeheimplassane så fort som råd.

Vidare i Rådmannen sitt forslag kring Sæbø Gard der ein foreslår å utsetja den planlagde oppbemanninga vil gje store konsekvensar for brukarar som står i kø for å få plass. Me veit i dag det er 4 brukarar med store hjelpebehov som ein vil måtte finna anna plass til om ein ikkje gjennomfører oppbemanninga. Sæbø Gard har ingen mogelegheit til ta desse brukarane inn slik bemanninga er i dag.

Det er sentralt sett ned ei arbeidsgruppe med ulike instansar av representantar som skal sjå på dette med merkostnader for kommunane under Covid 19 pandemien. Ein ser betydelege ekstrautgifter innan fleire einigar og regjeringa er klar i sin tale på at dei ekstra midlane som vert lagt i bordet skal vises heilt ut i kommunane, ut i avdelingane og ut i klasserom. Jmf pressekonferanse torsdag 28 oktober. Det er viktig at det vert sett inn gode vikarar der det trengst, og bruker pengar der det er nødvendig for at arbeidsplassane skal gå rundt på ein god og kvalitetsmessig god måte. Eg håpar at dåke kan sjå på dette, og setje i verk tiltak som de tilsette merkar igjen av.

I budsjettet 2020 vart det nedskjert 50% i idrett og friluftliv, i vedtaket står det at ein skal her rapportera til SKE Eigedom, den 50 % som vart nedskjert inneheld mange oppgåver som Stord Kommune ville kunne hente inn inntekter frå, korleis tenkjer dere politikere om dette? Resterande 50 % er lagt til kultur som da skal rapportera til kultur og ikkje gjennom føra oppgåvene som vil gje SK inntekter.

SFO – dette er eit svært dyrt tiltak, mange småbarnsfamiliar som ikkje har råd til å ta i bruk dette, mange barn som absolutt burde hatt dette tiltaket men pga pris søker de ikkje plass. Ber om at ein ser på dette og gjer endringar slik at prisen vert slik at folk har mogelegheit til å bruke tilbodet.

Tusen takk for oppmerksomheta og vil med dette ynskje dåke lykke til med budsjett arbeidet som ligg føre.

Takk for meg:-)

Monica Brekke Fosse

HTV Fagforbundet

Høring 2020, RHO-komiteen

Takk for at me får komme og sei vår meining om budsjettforslaget. Me i ergoterapiforbundet ynskjer å sette fokus på rehabiliteringstilbodet i Stord kommune.

Opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering 2017-2019, skal bidra til at kommunane settes i stand til å gje eit godt habilitering- og rehabiliteringstilbod i samsvar med befolkningas behov. Det er eit mål at kommunane på sikt skal overta fleire rehabiliteringsoppgåver som i dag utføres i spesialisthelsetenesta. Opptrappingsplanen skal bidra til at brukarane kan motta gode habiliterings- og rehabiliteringstenester der de bor, da er det naudsynt med endringar i arbeidsformer og kompetanse.

I budsjettforslaget vil ein **satse** på mellom anna «godt å bu heime», førebyggjande heimebesøk, frisklivssentralen og heimerehabilitering. Vidare er det foreslått kutt i dagrehabiliteringa ved å trekke ei 40% stilling. Me får fleire oppgåver og satsingsområder i kommunen. Viktige oppgåver. Men dei blir lagt i tillegg til tenestetilbodet me allereie har i dag. Er det å satse på områder der ein samtidig kutter ressursene? Kva betyr satsing for Stord kommune?

I år engasjerte Stord kommune pwc for å gjennomføre en økonomi- og effektivitetsanalyse med mål om å finne kortsiktige og langsiktige innsparingspotensial. I sitt samandrag skriv dei mellom anna at det er viktig for Stord å tenke innsparing på lang sikt, med fokus på organisering, strukturer og prosessforbedring. Del 3 av rapporten tar for seg rehabilitering, helse og omsorg. Her står det ikkje noko om rehabiliteringstilbodet i kommunen. Det er alarmerande. Forslag til tiltak er mellom anna ei heilhelleg gjennomgang av tenester og omsorgstrappa, samt auke antall korttidsplasser i institusjon. Om ein kan spare, ifølge pwc rapporten, 1-5 mill. kr., på utsatt institusjonsplass, og meir kostnadseffektivt mottak av utskrivingsklare pasientar, stiller me spørsmålet: kva kan ein då spare på sikt om dei som treng det i tillegg får eit løft i funksjon i eit døgnrehabiliteringstilbod?

At ein kutter enda ein gong i rehabiliteringstilbodet i Stord kommune gjer oss bekymra. Det skaper uheldige synergjar i heile tenestetilbodet. Etter nedskjeringa i fjor manglar Stord kommune eit skikkelig døgnrehabiliteringstilbod. Rehabiliteringstilbodet me har i dag er heimerehabilitering og dagrehabilitering, som har få ressursar i utgangspunktet. Skal dei ta seg av alle dei som treng eit rehabiliteringstilbod i kommunen? Rehabiliteringsområdet ligg i dag med brekt rygg etter budsjettet som ble vedtatt for 2020. Døgnrehabilitering ble lagt ned og brukarane av dette tilbodet får i dag mindre oppfølging på institusjon eller eventuelt heime. Borte er fagmiljø og dei treningsmulegheitene som tross alt finnes på eit rehabiliteringssenter.

Brukargruppen som døgnrehabilitering gir tilbod til er også deler av den gruppen som gir overligg på sjukehuset og som Stord kommune dermed får bøter for. Det er derfor vanskeleg å sjå korleis dette kan innebere ei satsing på rehabiliteringsfeltet og samtidig gje ein innsparing. Opptrappingsplanen seier og ved utvikling av tenestene må det tenkast i form av forløp. Hull i tilbodet og dermed i forløpene må

tettes. Med desse nedskjeringane i rehabiliteringstilbodet år etter år, skapar det hull i rehabiliteringsforløpet, ikkje satsing.

Kuttene gir store konsekvensar for ergo- og fysioterapitenesta, logoped og heimebaserte tenester som i større grad må utføre oppgåver kvar for seg og ikkje i eit tverrfaglig team. Det gis da per definisjon ikkje rehabilitering.

I samband med funksjonsfall og rehabiliteringsprosessar er det og ofte behov for endring/tilpassing av bustad. Fram t.o.m 2019 tildelte Husbanken kvart år øyremerka tilskotsmidlar til bustadtilpassing. Dei seinare åra (2016-2019) har det vore behandla rundt 10 saker kvart år, der tilskotet har vore avgjerande for at hustandsmedlemmer fortsatt skal kunne vere sjølvstendig i eigen heim- eller kunne motta hjelp på ein betre måte. Hovudsakleg er det yngre brukarar som kan ha nytte av investeringa i mange år. I stortingsmelding 15, «leva heile livet» er eit av måla at ein får vere mest mogleg sjølvhjelpne, også ved mottak av helse-og omsorgstenester. Frå 2020 vert tilskotsmidlane overført til kommunen i rammetilskot. Stord kommune tilførte ikkje midlar i 2020 budsjett, og heller ikkje foreslått i 2021. Tilskotet vert tildelt etter økonomisk behovsprøving- og husstandar med svak økonomi vert dermed mest ramma. Ein ynskjer å satse på «godt å bu heime», men reduserer verkemidlane for å tilpasse husa slik at ein kan bu der så lenge som mogleg.

Me opplever ikkje at budsjettet avspeglar ei satsing på rehabiliteringsfeltet slik det er satt opp. Ergoterapiforbundet føreslår å oppretthalde 40% stillinga innan rehabilitering, gjeninnføra tilbodet om døgnrehabilitering og få inn igjen utbetringstilskotet i budsjettet. Skal ein byggje kvalitet og samhandla tenester er det svært utfordrande når det stadig vert kutt i ressursane. Me må ikkje setje oss i ein situasjonen der me ikkje er i stand til å følgje offentlege pålegg grunna mangel på kompetanse og personale, det kostar noko nå, men har me råd til å la være?

Me vil minne om at me har eit rehabiliteringsbygg i kommunen. Der ligg alt til rette for eit godt, faglig dyktig, tverrfaglig miljø rundt brukarar som er i ei sårbar livssituasjon og som treng rehabilitering.

Norsk ergoterapeutforbund

Stord kommune

Innspel frå RFF til budsjett:

- Stord Kommune formidlar ei satsing på RHO. RFF tykkjer ein då bør styrka budsjettet til eininga etter dei store kutta i førre budsjett.
- RFF ynskjer ikkje å redusera på dagrehabilitering, men heller å sjå på muligheten å tilby døgnrehabilitering att. Dette på bakgrunn av attendemeldingar rådet får.
- RFF er kritisk til kutt i MOT
- RFF tykkjer ikkje ein skal utsetja oppbemanninga ved Sæbø Gard.

KOMMENTARAR TIL BUDSJETTET

Fleire rapportar dei seinare åra peikar framleis på store utfordringar i helse -og omsorgstilbodet til utviklingshemma. FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD), vert i liten grad lagt til grunn for denne gruppa. Forsking viser altså at utviklingshemma i praksis ikkje har dei same rettane som andre menneske. Det er urovekkjande at ikkje kommunane etter kvart får augo opp for verdiar og lov og rett i tenestene til menneske med utviklingshemming.

I fjor blei Vidsteentunet Aktivitetssenter avvikla. Når vaksne med utviklingshemming som fell utanfor NAV sine tilrettelagte ordningar søker eit kommunalt dagtilbod, så er Sæbø gard og Eldretilbodet einaste alternativ for tida.

Rådmannen skriv i budsjettframlegget at det er fleire personar som vil trenga arbeid og aktivitet i regi av Stord kommune. Han skriv at det er knapt med plassar på Sæbø gard, og at det blir ei stor utfordring å gje tilbod til alle som har behov for og har søkt om plass der. Det må understrekast at den same rådmannen bidrog til at Vidsteentunet Aktivitetssenter, med plass til å gje tilbod til 10-15 personar, blei avvikla i fjor. NFU opplever dette som eit stort paradoks! "Eldretilbodet" held til i ei ordinær leilegheit i Sæbøhaugen. Det er grenser for kor mange som kan få eit alternativt tilbod der. Planen var at dei som var på "eldretilbodet" skulle få eit tilbod på Vidsteentunet, når det nye bygget sto ferdig på Sæbø.

NFU stiller spørsmål om korleis rådmannen ser for seg at det kan bli mogleg å gje eit tilfredsstillande tilbod på Sæbø, som allereie er svært pressa både med tanke på fysiske tilhøve og personale? Blir det billigare å gje dei eit tilbod i heimen, tru? Kva med den enkelte sin rett til å ha ein aktiv og meningsfylt tilvære i fellesskap med andre? Viser til helse- og omsorgstjenesteloven §1-1:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30>

Rådmannen skriv vidare at det er fleire utviklingshemma som ikkje passar inn i bufellesskap, m.a. fordi dei har utfordringar med å forholde seg til, og omgåast andre. Han har likevel forståing for at nokon treng å bu for seg sjølv, dette med tett oppfølging, noko som utgjør ein større kostnad. Kva med personar på Sæbø, som av ulike grunnar treng og har krav på eit individuelt opplegg og tett oppfølging, men som ikkje får det? Viser igjen til lenka ovanfor.

Kulturtenester organiserer støttekontaktordninga. NFU ser at rådmannen refererer til PWC som peikar på at bebuarar i bufellesskapa vert tildelt støttekontaktar, samtidig som kommunen har døgndrift ved bufellesskapa. NFU spør då om personar med utviklingshemming som bur i bufellesskap med "døgndrift", skal mista rett til støttekontakt? Skal buform definera om du skal få støttekontakt, eller ikkje? NFU må presisera at tilbod om denne tenesta er heimla i helse- og omsorgstenestelova §3-2 første ledd (nr 6 c)

I CRPD artikkel 19 står det at retten til personleg bistand er nødvendig for å kunne bli inkludert i samfunnet og hindra isolasjon og segregering. I CRPD i artikkel 30 er det eksplisitt

formulert som ei plikt å sikra tilgang **fritidsaktivitetar og reiseliv**, -altså ferie, -noko ein har sagt at ein skal *sjå om om det kan vera moglegheiter for*, i budsjettet.

NFU har ved fleire høve peikt på Stord kommune si bygging av større bufellesskap, noko som verken er i tråd med det som er tilrådd i NOU-rapportar, eller NFU sine prinsipp om m.a maks. 5 personar og inkludering i ordinære bumiljø. NFU oppmodar difor kommunen til å sjå på andre løysingar, m.a. innanfor ordinære burettslag, slik dei gjer med stort hell, bl.a. i Bergen kommune (Horisont9). Det er viktig for oss å seie frå om at ei ytterlegare fortetting av bustadar i Heiane- området vil vera uheldig. Det vil verka institusjonaliserande og gjere det vanskeleg for bebuarane å bli inkludert i eit naturleg bumiljø. Det er det medlemmar som allereie erfarer andre stader.

Avslutningsvis vil NFU på nytt gje uttrykk for at me er glade for at besøksforbodet i utviklingshemma sine heimar, vart oppheva i mars. No er me inne i ein ny og krevjande periode i så måte. Det er likevel viktig å poengtera at det å stengja private heimar (sjølv i bufellesskap), ikkje er «innafor.» Me veit alle at det kan vera utfordrande på mange vis, men me må uansett flagga det med personleg fridom høgt når me også veit kor mykje angst og utagering isolasjon kan resultera i. Då må me utøva trygt smittevern, og på den måten kunne oppretthalda nødvendig kontakt med familien.

Håpar de ser på NFU sine innspel som konstruktive i budsjettdebatten. Det var i alle fall meininga.

For NFU,

Sølvi Nygård (styremedlem) og

Evy Skogedal (leiar)

Fra: Bård Inge Bø (Bard.Inge.Bo@stord.kommune.no)

Sendt: 09.11.2020 09:42:35

Til: post stord kommune

Kopi:

Emne: Uttale til budsjettframlegget

Vedlegg:

Dette er ein skriftleg uttale frå fysioterapeutane i samband med budsjettforslaget. Eg treng ikkje beslaglegge taletid ettersom eg og tillitsvald i ergoterapeutforbundet(Anna E. Lundal) har samtala ein del om kva vi syns om nedskjeringa, og ho skal lese innlegget sitt på møtet onsdag kl 17. Innlegga våre har ein viss overlapp:

Fysioterapeutane i Stord kommune ser med uro på at det også i år vert foreslått det vi vurderer som ei nedskjering på rehabiliteringsressursane ved eit 40% nedtrekk i stillingar i 3.etasje i rehab.-bygget i Lønningsåsen. Dersom Stord kommune skal kunne stå bak ein parole om at vi satsar på førebygging, er det viktig at dette viser igjen også i budsjettet.

Omlegging frå døgnrehab til dagrehabilitering i fjor var, slik vi oppfattar det, ei nedjustering av tilbodet til desse sårbare gruppene i Stord kommune.

Det er viktig at vi løftar blikket litt i syn på det som skal gi kommuneøkonomien innsparingar til å gjelde eit langsiktig perspektiv. Ein pasient som vert buande heime eit år ekstra(etter vellukka rehabilitering) i staden for på institusjon gir kommunene stor innsparing(anslagsvis over ein million i året pr heimebuande pasient), og pasienten sin livskvalitet vert stort sett monaleg betre ved framleis å kunne bu heime.

Det vart i fjor brukt ein del tid og ressursar på å gjere 3.etg om til eit dagrehab-tilbod. Mellom anna ved å lage til eit ekstra treningsrom og øvingskjøken. Vi ser på det som noko underleg dersom det allereie i år skal skjærast ned på ressursane til denne avdelinga.

Ei innsparing på 250000kr, som er summen ein sparer ved 40% nedtrekk i denne stillinga er ein liten sum, men den får konsekvensar for eit allereie pressa tilbod i 3.etasjen på rehaben.

For vår del som fysioterapeutar føler vi også at dette får uheldige konsekvensar ved at rehab-pasientane vert meir spreidde utover på eldreinstitusjonar i kommunen, gjerne med pleiepersonale som ikkje er like drilla på rehabiliteringstanken som dei tilsette i 3.etg på rehab-senteret. Det vert då meir ressurskrevjande for oss fysioterapeutar å levere like gode tenester og å få til eit godt tverrfagleg samarbeid til pasientane sitt beste.

Fysioterapeutane ønskjer på litt lenger sikt at rehab-bygget skal leve opp til sin tittel. Vegen å gå for å oppnå dette er IKKJE å skjere ned på ressursane.

Med venleg helsing,

Bård Inge Bø

Fysioterapeut, Aktivitet og rehabilitering

Tillitsvald Norges fysioterapeutforbund

Stord kommune

Mobil: +47 909 38 577

Direkte: +47 53 49 67 91

www.stord.kommune.no

Ver merksam på at all dialog på e-post som er arkiverdig etter arkivlova vil bli registrert i vår offentlege postjournal.

Ver venleg å ta omsyn til miljøet – skriv berre ut det som er naudsynt.

Påmeldte til open høyring i Utval for plan og utvikling

12. november 2020

Nr.	Lag/organisasjon	Namn på representant
1	Fagforbundet	Monica Brekke Fosse

Budsjettinnlegg høyringar.

Fagforbundet v/ HTV Monica Brekke Fosse

Leiar, komité takk for at me får kome med vårt innlegg, me setter stor pris på det, viktig å få fram korleis staa er ute i kommunen, og kva som kjem av kommentarar til oss. Fagforbundet ynskjer i dag å leggje fram same innlegg som kjem i alle komitear, ikkje alltid det omhandlar det dere arbeidar med men dere vil møte utfordringane i kommunestyret.

Fagforbundet er ikkje berre bekymra, men sterkt uroa for situasjonen ein har i RHO einingane, og spesielt i Heimebasertetenester. Når Rådmannen foreslår i sitt budsjettforslag å utsetja oppstarting av 5 nye sjukeheimplassar til 1.mai 2021, så ser Fagforbundet på dette tiltaket som det aller mest kritiske i budsjettforslaget. Konsekvensane vil verta store, arbeidspresset på dei tilsette i HBT er no så stort at det er kritisk, ein ser tilsette sluttar og søker seg til andre arbeidsplassar, det viser seg i stor mangel både på sjukepleiarar og fagarbeidarar. Dette går på bekostning av arbeidsmiljøet, sjukefråværet aukar som gjer at ein må leige inn ein stor mengde vikarar. Bruken av vikarbyrå må ein ta inn som igjen gjer at det vert mange ukjente tilsette.

Opning av dei 5 sjukeheimplassane må skje så tidleg som mogeleg, og helst i går. Dette er som sagt viktig for dei tilsette i HBT, men ikkje minst viktig for dei sårbare eldre som me har ute i heimane, og som absolutt skulle vore på ein institusjon. Pårørande må ta ekstra ansvar som gjer at dei vert slitne.

HBT reduserte med 4 årsverk i 2020, drifta vert i vidareført på 2020 nivået i forslaget. Her meiner Fagforbundet at ein heller treng å auke årsverk, auka grunnbemanninga slik at det vert ein betre arbeidskvardag for tilsette, betre arbeidsmiljø, og lågare sjukefråvær. Fagforbundet er overtydd om at ein får gode resultat ved å gjere dette. Ein kan kanskje bruke litt av vikarbudsjetten for å få til dette. Me har tru på det.

Fagforbundet meina heilt klart at helsesektoren i SK ikkje tåler fleire kutt, eller innsparingar. Som Fagforbundet nemnte i budsjettkonferansen så ventar ein eit stort rekrutteringsbehov i sektoren ifølge KS sine prognosar. Då hjelper det ikkje at det vert skjert ned til beinet ved å kutte årsverk. Her treng me å auke årsverk.

Me må gjere oss attraktive, me må våge å gå nye vegar, me må auke grunnbemanning, me må betale for den kompetansen me treng – tilsette treng ei løn å leve av, me må opna sjukeheimplassane så fort som råd.

Vidare i Rådmannen sitt forslag kring Sæbø Gard der ein foreslår å utsetja den planlagde oppbemanninga vil gje store konsekvensar for brukarar som står i kø for å få plass. Me veit i dag det er 4 brukarar med store hjelpebehov som ein vil måtte finna anna plass til om ein ikkje gjennomfører oppbemanninga. Sæbø Gard har ingen mogelegheit til ta desse brukarane inn slik bemanninga er i dag.

Det er sentralt sett ned ei arbeidsgruppe med ulike instansar av representantar som skal sjå på dette med merkostnader for kommunane under Covid 19 pandemien. Ein ser betydelege ekstraavgifter innan fleire einingar og regjeringa er klar i sin tale på at dei ekstra midlane som vert lagt i bordet skal vises heilt ut i kommunane, ut i avdelingane og ut i klasserom. Jmf pressekonferanse torsdag 28 oktober. Det er viktig at det vert sett inn gode vikarar der det trengst, og bruker pengar der det er nødvendig for at arbeidsplassane skal gå rundt på ein god og kvalitetsmessig god måte. Eg håpar at dåke kan sjå på dette, og setje i verk tiltak som de tilsette merkar igjen av.

I budsjettet 2020 vart det nedskjert 50% i idrett og friluftliv, i vedtaket står det at ein skal her rapportera til SKE Eigedom, den 50 % som vart nedskjert inneheld mange oppgåver som Stord Kommune ville kunne hente inn inntekter frå, korleis tenkjer dere politikere om dette? Resterande 50 % er lagt til kultur som da skal rapportera til kultur og ikkje gjennom føra oppgåvene som vil gje SK inntekter.

SFO – dette er eit svært dyrt tiltak, mange småbarnsfamiliar som ikkje har råd til å ta i bruk dette, mange barn som absolutt burde hatt dette tiltaket men pga pris søkjer de ikkje plass. Ber om at ein ser på dette og gjer endringar slik at prisen vert slik at folk har mogelegheit til å bruke tilbodet.

Tusen takk for oppmerksomheta og vil med dette ynskje dåke lykke til med budsjett arbeidet som ligg føre.

Takk for meg:-)

Monica Brekke Fosse

HTV Fagforbundet

Andre

Fra: Endre Caldwell (endrecaldwell@yahoo.no)

Sendt: 02.09.2020 02:38:41

Til: post stord kommune

Kopi:

Emne: Innspel til budskjett Stord kommune 2021

Vedlegg:

Til rette vedkomne.

Huglo Bygdelag vil med dette gi innspel til budskjett for 2021.

Det er viktig at det vert avsatt midlar for detaljreguleringsplan for fastlandssambandet Huglo - Tysnes på 2021 budskjettet.

Ynsjer tilbakemelding på at mail er mottatt og levert rette instans.

Mvh

Endre Caldwell

Leiar Huglo Bygdelag.



Fra: Liv Kari Bru (liv.kari.bru@kyrkja-stord.no)

Sendt: 03.11.2020 14:03:09

Til: Magnus Mjør

Kopi: post stord kommune; Gaute Straume Epland; 'Jakob Bjelland'; reidar@kyrkja-stord.no

2

Emne: SV: Frugarden gravplass - status

Vedlegg:

Hei igjen !

Takk for orientering.

Oppstart i 2025 høyrest ut som ein god plan, MEN bør ikkje utsetjast.

Frå planlegginga startar til gravplassen vert teken i bruk bør me rekna 3 år fram til gravplassen blir teken i bruk. Då er me komne til 2028.

Lukke til med krevande budsjettarbeid.

Helsing Liv Kari

Liv Kari Bru
Kyrkjevevje/dagleg leiar
Tlf. 53 40 34 33/473 50 754

Stord Kyrkjelege fellesråd
Hamnegata 48
5411 Stord
Tlf. 53 40 34 30
www.kyrkja-stord.no



Fra: Magnus Mjør [mailto:Magnus.Mjor@stord.kommune.no]

Sendt: 3. november 2020 13:29

Til: Liv Kari Bru

Kopi: post stord kommune; Gaute Straume Epland; Jakob Bjelland

Emne: SV: Frugarden gravplass - status

Hei,

Me registrerer dette som eit innspel til budsjettarbeidet. Til orientering så ligg det inne kr. 10 mill. til byggjesteg II i 2025.

Med venleg helsing,

Magnus **Mjør**
Rådmann

Stord kommune

Mobil: +47 916 44 039

Direkte: +47 53 49 66 39

www.stord.kommune.no

Ver merksam på at all dialog på e-post som er arkivverdig etter arkivlova vil bli registrert i vår offentlege postjournal.

Ver venleg å ta omsyn til miljøet – skriv berre ut det som er naudsynt.

Fra: Liv Kari Bru <liv.kari.bru@kyrkja-stord.no>
Sendt: tirsdag 3. november 2020 10:44
Til: Magnus Mjør <Magnus.Mjor@stord.kommune.no>
Kopi: reidar@kyrkja-stord.no
Emne: Frugarden gravplass - status

Hei !

No har eg hatt ei opteljing på Frugarden gravplass, og tala ser slik ut:

Pr. i dag er 354 (307 for 1 år sidan, 237 for 2 år sidan, 180 for 3 år sidan) kistegraver tekne i bruk eller festa på Frugarden sidan den første grava vart graven i januar 2015. I tillegg kjem urnegraver.

Det er total 682 kistegraver (ordinær storleik) på Frugarden, byggetrinn I. I tillegg kjem alle urnegravene + kistegraver på det muslimske feltet.

Pr. 01.11.2020 er talet på ledige graver slik:

328 kistegraver, ordinær storleik.

48 ledige kistegraver på gravplass tilpassa muslimsk tradisjon.

52 ledige kistegraver for små barn (prematuro/baby)

Me har rikeleg tilgang på urnegraver (129 ledige ordinære urnegraver med plass til 4 urner i kvar grav). I tillegg kjem minnelunden der det er ledig 1175 urnegraver. Ei urne i kvar grav.

Når det gjeld dei andre gravplassane i Stord kommune, så har me ledige urnegraver på samtlege gravplassar. Sidan Gamle kyrkjegard er omregulert til urnegraver er det pr. i dag 160 ledige urnegraver (tidlegare kistegraver) med plass til 6 urner i kvar grav.

Med desse tala som bakteppe, meiner eg at det ikkje er trong for å regulera felt til urnegraver ved utbygging av Frugarden, byggetrinn II.

Imidlertid bør arbeidet med denne delen av Frugarden gravplass snart setjast i gong.

Helsing Liv Kari

Liv Kari Bru
Kyrkjevevjerje/dagleig leiar
Tlf. 53 40 34 33/473 50 754

Stord Kyrkjelege fellesråd
Hamnegata 48
5411 Stord
Tlf. 53 40 34 30
www.kyrkja-stord.no



Fra: Kjell Håvard Sævareid [<mailto:kjell.havard@frugarden.net>]

Sendt: 30. oktober 2020 12:24
Til: liv.kari.bru@kyrkja-stord.no
Kopi: Astrid Sævareid
Emne: SV: Frugarden gravplass - antall graver

Hei igjen,
Eg ventar framleis på oversikt over antall graver brukt på Frugarden gravplass.
Eg treng dette for å understreka for kommunen, både administrasjon og politikarar at det hastar med regulering av prosesjonsveg.

Ser fram til å høyra frå deg snart.

Også til informasjon så har eg i dag overført NOK 15.000 til kyrkja for ein super felles innsats for å fjerna parkslirekne. Igjgen tusen takk for flott innsats frå dei tilsette på gravplassane.

-
Ha ei fin helg

Mvh
Kjell Håvard _

Fra: liv.kari.bru@kyrkja-stord.no <liv.kari.bru@kyrkja-stord.no>
Sendt: tirsdag 6. oktober 2020 15:25
Til: Kjell Håvard Sævareid <kjell.havard@frugarden.net>
Emne: Sv: Frugarden gravplass - antall graver

Hei !

Eg har ikkje hatt tid til å prioritera dette enno.

Eg sender deg det me avtalte så snart eg har det klart.

Helsing Liv Kari Bru

----- Original Melding -----

Fra: "Kjell Håvard Sævareid" <kjell.havard@frugarden.net>
Til: liv.kari.bru@kyrkja-stord.no
Cc: "Astrid Sævareid" <astrid@frugarden.net>
Sendt: 06.10.2020 12:31:15
Emne: Frugarden gravplass - antall graver

Hei,
Eg viser til telefonsamtale 22.09.2020 om kapasitet på Frugarden gravplass.

Du lova og senda meg status for kor mange graver som er brukt der tom no.

Fint om du kan senda tall som viser status og helst også årlig tilvekst.

Takk så lenge – ha ein fortsatt fin dag

Mvh
Kjell Håvard Sævareid
90059857

3

Til

Stord Kommune

v/Rådmann Magnus Mjør

Stord 05.11.20

FAU og SU Rommetveit Skule

Uttale til budsjett 2021

Vi viser til rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2020.

FAU og SU ved Rommetveit skole ønsker å uttale seg om forslag til budsjett 2020 med følgende punkt:

1. Redusert driftsbudsjett

Driftsbudsjettet for skolen er allerede knapt. Vi mener at for å kunne opprettholde en god skole, kan det ikke kuttes mer i driftsbudsjettet. I og med at Stord kommune skal ha digital skole mener vi at det ikke er tilstrekkelig å tilføre 0,5 årsverk for arbeidet med IKT og digitalisering. Den digitale læringskurven har vært bratt siden 12.mars 2020, men det er allikevel viktig at lærerne får tilstrekkelig opplæring og tid til å sette seg inn i de digitale læringsprogrammene.

2. Avviklingen av vikarpoolen

Vi stiller spørsmål til hvorfor vikarpoolen skal avvikles. Det er viktig at skolene har tilgang på faglært personell når det trengs. Vil avviklingen av vikarpoolen bli erstattet med bedre grunnbemanning på hver enkelt skole, slik at behovet for vikarpoolen er redusert?

3. Skoleadministrativt system

Vi mener at det er viktig at et skoleadministrativt system kommer på plass og er positive til at det er satt av penger til dette i budsjettet for 2020.

4. Avviklinga av MOT

Rommetveit skole ønsker å oppfordre kommunen til å støtte MOT med timerressurser i tillegg til lisensbetalingen. Dette er et punkt som ikke direkte påvirker elever på Rommetveit skole i dag, men som kan påvirke deres fritidshverdag, fremtidig skolegang eller andre aspekter ved det å vokse opp på Stord på en slik måte at FAU/SU ønsker å belyse viktigheten av disse tilbudene.

5. Andre kommentarer

Det er stort behov for å bedre læringsmiljøet til elevene ved Rommetveit skole. I gamle bygg på skolen er det behov for støyisolering av himling, spesielt med tanke på hørselshemmede barn. Slik situasjonen er nå er det et utfordrende læringsmiljø i flere av klasserommene. På skolens uteområde er det stort behov for å investere i nye lekeapparater og ny ballbinge. Det er viktig at barna stimuleres til lek og fysisk aktivitet i friminuttene, da det gir bedre sosialt miljø og læring. I den situasjonen vi har nå, når skoleområdet blir delt inn i soner for de ulike trinnene, ser vi spesielt at det er viktig at det er et variert utvalg av muligheter for fysisk aktivitet på større deler av skoleområdet.

Med vennlig hilsen

Elise Aabel Eriksen

Leder FAU Rommetveit skole,

Yvonne Kaland

Leder SU Rommetveit Skule